

---

**Fra:** Robert Mjøs  
**Sendt:** 19. august 2015 15:30  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Kopi:** Olav Mongstad; Tonje Nepstad Epland  
**Emne:** Fosnstraumenbrua SV: Høyringsframlegg på namn på bruer i Austrheim

I førearbeida for adresseprosjektet hadde me ein ide om at vegen frå Soltveit ( ved stemma ) eller frå Lundsdaalen kunne heite Fosnstraum(s)vegen eller Austrheimsvegen . No vart ikkje dette slik for politikarane ville ha Slettavegen, men det vart no Slettevegen..

Men den nye vegen må vel og ha eit namn. I Matrikkelen er skrivemåten på straumen Fosnstraumen. Eg veit ikkje tå at det har våre namnesak på det , men det veit kartverket

Under førearbeida kom denne kometaren:

«Mitt forslag til nytt namn er: Fosnstraumvegen. Dette kan vegen heita på begge sider av brua, og namnet kling finare. Det har dessutan historisk sus over seg, med tanke på at det har budd folk i området allereie for 10 000 år sidan»

Dersom namnet skal vera *Fosnstraumbrua* må dette ha eit politisk vedtak i kommunane.

Med venleg helsing

**Robert Mjøs**

Avd.ing. Radøy kommune

Tlf 5634 9056

E-post: [robert.mjøs@radoy.kommune.no](mailto:robert.mjøs@radoy.kommune.no)

Internett: [www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)



---

**Fra:** Postmottak Radøy  
**Sendt:** 19. august 2015 10:04  
**Til:** Robert Mjøs; Tonje Nepstad Epland  
**Emne:** VS: Høyringsframlegg på namn på bruer i Austrheim

---

**Fra:** Olav Mongstad  
**Sendt:** 18. august 2015 15:23  
**Til:** Postmottak Radøy

**Kopi:** Frode Hervik

**Emne:** VS: Høyringsframlegg på namn på bruer i Austrheim

Hei.

Vi arbeider med ei sak om å setja offisielt namn på bruer i Austrheim.

I denne samanheng kjem Statens Kartverk med ein invitt til at Radøy og Austrheim arbeider med å setja offisielt namn på Fosnstraumbrua. I arbeidet med saka har eg oppfatta at Radøy har sett namn på brua, men i følge Statens Kartverk er det ikkje gjort.

Kan postmottak oversenda dette til rette vedkomande i Radøy? Kan de sjekka kva som er gjort i saka?

Kan dette vera ei sak vi kan sjå på i fellesskap slik Erlend Trones nemner i eposten?

Venleg helsing

Olav Mongstad  
Assisterande rådmann

---

**Fra:** Erlend Trones [<mailto:Erlend.Trones@kartverket.no>]

**Sendt:** 18. august 2015 14:52

**Til:** Olav Mongstad

**Kopi:** Kjell Erik Steinbru

**Emne:** SV: Høyringsframlegg på namn på bruer i Austrheim

Hei!

Me noterer oss framlegga til brunamn i Austrheim, og avventar ny tilråding frå stadnamntenesta.

Når det gjeld *Fosnstraumbrua*, so står det i høyringsdokumentet at namnet er fastsett av Radøy. Det er nok ikkje heilt formelt rett. Etter det me skjønar var dette statleg veg før, og fylkeskommunal veg no. Det ser ikkje ut til at Statens vegvesen vedtok noko namn medan dei hadde vedtaksrett, sjølv om prosessen var i gang kring 1994, iallfall fekk aldri me eller stadnamntenesta vedtaket. Det er nok greiast om Austrheim kommune i samråd med Radøy kommune bed Hordaland fylkeskommune gjera formelt vedtak om *Fosnstraumbrua* no i samband med at de legg fram andre brunamn til vedtak hjå dei.

Med venleg helsing



**Kartverket**

Erlend Trones  
namneansvarleg region vest  
Landdivisjonen  
Tlf.: 32 11 86 43

Epost: [erlend.trones@kartverket.no](mailto:erlend.trones@kartverket.no)

Tlf. Kartverket: 08700

[www.kartverket.no](http://www.kartverket.no)

---

**Fra:** Olav Mongstad [<mailto:Olav.Mongstad@austrheim.kommune.no>]

**Sendt:** 18. august 2015 13:25

**Til:** Erlend Trones

**Emne:** Høyringsframlegg på namn på bruer i Austrheim

Statens kartverk

v/Erlend Trones

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

14/1644 - 8 / OMO

18.08.2015

## Høyringsframlegg på namn på bruer i Austrheim

Vedlagt er eit høyringsframlegg på namn på bruer i Austrheim. Tilsaman er det lista opp 14 bruer som vi ynskjer å få sett offisielt namn på. Det er både bruer på fylkesveg, kommunal veg og privat bru. Den oppsummerande lista på side 13 i høyringsframlegget viser til kva eigarskap det er til brua.

I arbeidet administrasjonen har gjort med å setja namna, fall vi tilslutt ned på at i ein øykommune som Austrheim, bør det i stor grad bli øyane våre som gir namn til bruene. Når vi ser i namneregisteret for bruer i landet, ser vi at det ikkje er noko fastlagt mønster for kva som skal vera utgangspunktet til namnet.

Vi ber om innspel på høyringa innan fristen 1. oktober 2015.

Med helsing

Olav Mongstad  
assisterande rådmann

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Vedlegg:**

Bruer i Austrheim saksframlegg endeleg saksframlegg 18.08.2015

**Kopi til:**

**Mottakere:**

Statens Vegvesen Region Vest  
Stadnamnskonsulenten på  
Vestlandet

Statens kartverk

Austrheim Kyst- og sogelag

Hordaland Fylkeskommune

Askedalen 4

v/Kjell Steinbru

v/Erlend Trones

Samferdsleavdelinga

6863

LEIKANGER